

# Nytt frå Sanden i Oussoubidiagna, Mali - nov 2009

## Kjære vener!

Me er no tilbake i Bamako for eit «påfyllsmøte» oss misjonærane saman, det er godt å få litt inn også.

Eg Jan har alt hatt ein tur innom Bamako. Eg skulle berre nedom Bafoulabe eit ærend, men vart overraska av eit enormt regnver. Det kom nær 40 mm kvar natt to netter på rad, og då våga eg ikkje venta på meir, så eg tok turen om Tambaga, Bamako og turen nordover til Oussou igjen. Ein tur på 1000 km, så eg var ganske trøtt ved heimkomst. Om eg hadde venta på god veg frå Bafoulabe til Oussou måtte eg kanskje vente ei veke.



*John Kåre ser kor mykje det har regna.*

Me har no ei stor velsigning i vente i arbeidet. Me har rykka fram til første plass for å få ny bil; dette året er det bestemt at Sanden skal få den nye bilen, ein Toyota landCruiser til over 400 000. Det er ikkje utan klump i halsen me tar i bruk eit slikt vidunder, men den gamle er snart 7 år og sjølv om eg har stelt og kost vel med den så er den snart ikkje heilt til å stola på om det skulle røyne på. Og på dei vegane me har, og avstandar til lekjar, så er det ingen veg utanom. Eg ber og håper at bilen vert til stor velsigning lenge etter me har avslutta tjenesta vår. Så om nokon lurar på om det trengs pengar til arbeidet så er svaret ja.

Eg vil slutta med ei gladmelding. Jaktgruppa vår har alt vorte til velsigning. Ein student og ein litt eldre arbeidar vart med oss dei to første turane. Studenten vart spurt som lesekundig om å finna ein tekst, og han bladde opp på Gal. 3 om ikkje å bygga frelsa på lova. Det vart til stor ettertanke forhan, så be gjerne om at han vender om. Den andre har høyrtd ordet i ei årrekkje utan å visa interesse, men gjennom venneflokkken ber eg om at han tek imot, han er svært nær.



*Skulejentene*

Takk for forbøn og omtanke.

Varme hilsner fra Elisabeth og Jan, Ester Kristine, Hild Elida og JohnKåre

Familien Sanden, MPN, BP 2402, Bamako, Rep du MALI

Tlf: 223-75 23 55 52 (privat mobil)

E-post: [jesanden@combitel.no](mailto:jesanden@combitel.no)

### **For gaver til arbeidet:**

Normisjon, Postboks 7153, St. Olavs plass, 0130 OSLO,

kontonummer 1503.02.13537, merk giroen med fam Sandens arbeid eller prosjektnr. 115.70.454